

## Vedlegg 1

### REFERAT – UTKAST

# Styringsgruppa for Miljøløftet

Møte 06.06.2018 | Klokkeslett: 07:45-09:45 | Dato: Velg dato.

Stad: Hotel Ørnen, Bergen sentrum

Sakshandsamar: Torill Klinker      Dato: 19.06.2018      Dok: Fyll inn.

	Namn	Part
<i>Møtedeltakarar</i>	Terje Moe Gustavsen (møteleiar)	Statens vegvesen
	Anna Elisa Tryti	Bergen kommune
	Anne Gine Hestetun	Hordaland fylkeskommune
	Kirsti Slotsvik	Jernbanedirektoratet
	Lars Sponheim	Fylkesmannen i Hordaland
<i>Øvrige deltakarar til stades</i>	Anne Iren Fagerbakke	Bergen kommune
	Øivind Støle	Bergen kommune
	Lise Reinertsen	Bergen kommune
	Rune Herdlevær	Bergen kommune
	Peter Hatlebakk	Bergen kommune
	Rune Haugsdal	Hordaland fylkeskommune
	Håkon Rasmussen	Hordaland fylkeskommune
	Ole Hallvard Harlem Dyrbekk	Hordaland fylkeskommune
	Roger Skoglie (sak 47/18)	Hordaland fylkeskommune
	Ola-Alexander Palm (sak 47/18)	PWC
	Ivar Håkonsen (sak 47/18)	PWC
	Helge Eidsnes	Statens vegvesen
	Alberte Ruud	Statens vegvesen
	Kristoffer Sandvik Monsen	Statens vegvesen
	Ingrid Feet Bjørgo	Statens vegvesen
	Frode Aarland	Statens vegvesen
	Kjell Kvingedal	Fylkesmannen i Hordaland
	Trond Høyde	Jernbanedirektoratet
	Torild Hage	Jernbanedirektoratet
	Lars Christian Stendal	Jernbanedirektoratet
	Astrid Håvik	Jernbanedirektoratet
	Hans-Egil Larsen (sak 47/18)	Bane NOR
	Ingvild Eikeland (sak 47/18)	Bane NOR
	Anne Laskemoen Herdlevær (sak 47/18)	Bane NOR



## Miljøløftet

Jørgen Rydheim (sak 47/18)	Bane NOR
Ketil Gillesvik	Bergens Tidende
Geir Kvile	BA
Solveig Paule	Påtroppande sekretariatsleiar
Torill Klinker	Sekretariatsleiar

### Sakliste

- Sak 45/18 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 46/18 Godkjenning av referat frå møte 06/18
- Sak 47/18 Erstatningsareal for Mindemyren
- Sak 48/18 Porteføljestyling av gang- og sykkeltiltak langs riksveg i Bergen
- Sak 49/18 Handlingsprogram 2019, fordeling av statlege programområdemidlar
- Sak 50/18 Flytting av bomstasjonar
- Sak 51/18 Organisering av Miljøløftet
- Sak 52/18 Møteplan haust 2018
- Sak 53/18 Eventuelt

### Sak 45/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.*

### Sak 46/18 Godkjenning av referat frå møte 06/18

*Vedtak: Referat frå styringsgruppemøte 06/18 den 27.04.18 vart godkjent.*

### Sak 47/18 Erstatningsareal for Mindemyren

Planleggar Astrid Håvik frå Jernbanedirektoratet og prosjektdirektør Hans-Egil Larsen frå Bane NOR orienterte om arbeidet som er gjort sidan sist i høve til alternative jernbaneløysingar og til arealet på Koengen. Det er ein klår konklusjon at Koengen er det einaste reelle alternativet for ei jernbanebasert



erstatning for Mindemyren. Riksantikvaren har gjeve avslag på søknad om grunnundersøkingar, men Bane NOR har klaga på vedtaket, og legg framleis opp til byggstart hausten 2018. Endeleg kostnadsoverslag vil føreligga i månadsskiftet juni/juli. Bane NOR bad om at ei avgjersle i saka vert utsett til etter at kostnadsoverslaget er på plass.

Ole-Alexander Palm frå PWC la på vegne av Hordaland fylkeskommune fram konklusjonane i notatet *Midlertidig løysning for transport av nye biler*. Det vart mellom anna vist til ei anbefaling der ein let marknaden løyse behovet for nybiltransport i perioden 2019-2024, men at ein avklårer behov for å sikra at anna gods erstattar biltransport på Bergensbanen, og at ein evaluerer moglegheiter for å sikra etablering av varig sjøtransport direkte frå Europa til Bergen og Stavanger.

Fylkesrådmannen presiserte at det primære behovet framleis er å frigje Mindemyren. Det er behov for ei avklåring snarast mogleg, og det er tidskritisk å få stadfesta om ein har tilgang til Mindemyren i løpet av mai 2019. Styringsgruppa slutta seg til at vurderingane av Koengen skal vidareførast for å få spesifisert sannsynleg kostnad ved prosjektet og for å få fremja og vurdert klage frå Bane NOR på Riksantikvaren sitt avslag på søknad om grunnundersøkingar.

Styringsgruppa undertrekte at kostnadsspørsmålet er vesentleg, og at ein reell kostnad som anslått – kring 90 mill. kroner – ikkje vil vera akseptabel. Samstundes slo styringsgruppa fast at naudsynte tiltak for å få frigjort Mindemyren til bybanebygging skal gjennomførast. Byråden understreka behov for å gå vidare med utgreiingar av alternative løysingar, herunder sjøtransport, fordi risikobiletet med omsyn til realisering av Koengen framstår som svært krevjande. Det vart også presisert at Bergen kommune ser løysinga på Koengen som lite ynskjeleg. Styringsgruppa slutta seg ikkje til denne presiseringa.

#### *Vedtak:*

*Styringsgruppa slo fast at naudsynte tiltak for å få frigjort Mindemyren til bybanebygging skal gjennomførast. Det kan leggjast til grunn for det vidare arbeidet med bybaneprosjektet at Mindemyren kan frigjevast mai 2019.*

*Styringsgruppa understreka at kostnader til midlertidige løysingar for biltransporten må holdast lågast mogleg, og at kostnadsanslaget for Koengen på 90 mill. kr. ikkje er akseptabelt.*

*Styringsgruppa sluttar seg til at det er tidskritisk å få stadfesta at Mindemyren kan frigjevast, men utsetter endeleg vedtak i saka til etter at kostnadsestimat for Koengen føreligg. Dette vil truleg vera på plass i månadsskiftet juni/juli 2018.*

Byråden gav fylgjande protokolltilførsel:

*Bergen kommune vil påpeika stor prosessrisiko ved å gå vidare utelukkande med Koengen som løysing for frigjeving av Mindemyren i høve til godstransport. Bergen kommune viser til uttale frå Riksantikvaren: «Etter Riksantikvarens vurdering vil en godsterminal på Koengen medføre uakseptable konsekvenser for de store kulturminneverdiene i området. På bakgrunn av dette vurderer Riksantikvaren det slik at Bane NOR må finne andre løysingar for transport av bilgods. Riksantikvaren finner derfor at det ikke kan innvilges dispensasjon fra kulturminneloven § 8, 1. ledd for gjennomføring av grunnundersøkelser på Koengen.*

*Riksantikvaren vil allerede nå signalisere at en søknad om dispensasjon fra kulturminneloven § 8, 1. ledd, og fra bestemmelsene i forskriftsfredningen av forsvarsanlegget for etablering av godsterminal på Koengen vil bli avslått, jf. begrunnelsen over.»*

*Bergen kommune ber difor om at det vert arbeida vidare med alternative løysingar, og då særleg sjøtransport.*



## Miljøløftet

### Sak 48/18 Porteføljestyling av gang- og sykkeltiltak langs riksveg i Bergen

Frode Aarland (SVV) orienterte om viktigheita av å sikra grunnlag for porteføljestyling av programområdetiltak langs riksveg i Miljøløftet, og la særleg vekt på at planarbeidet for sykkelstamveg Lagunen-Skjold bør ferdigstillast. Vegdirektøren presiserte deretter at programområdemidlar bør nyttast slik dei er avsett i handlingsprogrammet, elles vil dei gå tapt.

Bergen kommune stilte spørsmål ved at saka var på dagsorden, og peika på at det vert satsa tungt på sykkel i Bergen. Kommunen viste til at strekninga Lagunen –Skjold er krevjande. Det vart oppfordra til tettare dialog mellom partane i krevjande plansaker.

Styringsgruppa slutta seg til anbefalinga om at planlegging av programområdetiltak langs riksveg vert prioritert, og at eventuelle omprioriteringar må skje i høve til ordinær porteføljestyling. Styringsgruppa.

*Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering.*

### Sak 49/18 Handlingsprogram 2019, fordeling av statlege programområdemidlar

Sekretariatet har utarbeida eit framlegg til handlingsprogram for perioden 2019-2022. Torill Klinker presenterte forslag til fordeling av statlege midlar for 2019. Rammene er i tråd med det som tidlegare i år vart spelt inn frå SVV til Vegdirektoratet i samband med innspel til Statsbudsjett 2019, men etter innspel frå faggrupper og AKG er det er gjort nokre interne omprioriteringar.

*Vedtak: Styringsgruppa slutta seg til dei prioriteringar som er gjort.*

### Sak 50/18 Flytting av bomstasjonar

Ny bompengoordning for Bergen legg opp til etablering av 15 nye bomstasjonar, som i all hovudsak skal vera i drift innan 31.12.2018. Plassering av bomstasjonane er vist i prop. 11 S (2017-2018) *Finansiering av Bypakke Bergen*. I arbeidet som har pågått har det framkome ny kunnskap, inkludert offentlig debatt, som gjer at det er ynskjeleg å flytta nokre av bomstasjonane i høve til det som er vedteke. Dette gjeld særleg for stasjonane Skagevegen, Tellevikvegen og Hardangervegen.

SVV har vurdert og funne alternative plasseringar for desse tre bomstasjonane. Bomstasjon Skagevegen vert anbefalt flytta til fv 172 Grimseidvegen, bomstasjon fv 243 Tellevikveien vert anbefalt flytta nordover og plassert i fv 172 mellom rundkøyring og avkøyring Klauvarinden, og bomstasjon Hardangervegen vert anbefalt flytta frå fv 580 Helldal skole til fv 580 Brattland camping.

Det vart presisert at endring av plassering er både kostnadsdrivande og tidskritisk i høve til å få bomstasjonane i drift til 01.01.19.

Endring av bomplassering i høve til prop. 11 S (2017-2018) krev lokalpolitiske vedtak. Plasseringa er knytt til konkret stadfesting, og sjølv små endringar krev nye vedtak.

*Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering, og ber Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om å fatta dei lokalpolitiske vedtak som er naudsynte for flytting av dei aktuelle bomstasjonane.*



## Miljøløftet

### Sak 51/18 Organisering av Miljøløftet

Denne saka har vore diskutert i styringsgruppa tidlegare, men det er ikkje fatta vedtak i saka.

Styringsgruppa har bedt om å få saka attende på eit seinare møte.

På AKG-møte den 16. 05.18 vart det fatta fylgjande vedtak: *Dagens organisering av Miljøløftet vert vidareført inntil vidare. Ny sekretariatsleiar vil leggja fram forslag til ny organisering så snart som mogleg, og seinast innan utgongen av året.*

*Vedtak: Styringsgruppa tok saka til orientering*

### Sak 52/18 Møteplan haust 2018

*Vedtak: Styringsgruppa fastsette møteplan for hausten 2018 slik:*

- *Fredag 24. august*
- *Fredag 14. september*
- *Tysdag 2. oktober*
- *Onsdag 31. oktober*
- *Onsdag 28. november*
- *Fredag 14. desember*
- *Fredag 21. desember*

### Sak 53/18 Eventuelt

- Fylkesrådmannen orienterte om at han inngår i ny mellombels prosjektleiarstilling i samband med regionreforma, og difor trekkjer seg frå alle verv, inkludert Miljøløftet. Det vert konstituert ny mellombels fylkesrådmann på Fylkestinget 12-13 juni.